

# Bakholmen

TEMA: Kremmerleier ①105,  
Hordaland på kartet ②423  
KART: ④440

*På AUSTRE BAKHOLMEN, ein liten holme på 60 dekar mellom Hundvåko og Drøni, ligg den eldste av handelsstadene i Austevoll. Her var i lang tid tingstad og det naturlege sentrum i dette øyriket.*



*Sjøbua på Bakholmen med dei to vindearkene er ein klassisk representant for kystarkitekturen.*

Bakholmen har truleg vore gjestgjevarstad heilt sidan mellomalderne. På 1600-talet høyrer vi om ein gjestgjevar her med namnet «MIKKEL I BAKHOLMEN». Kremmarverksemd har det vore drive sidan tidleg på 1600-talet, med handelsprivilegium så tidleg som 1714. Då vart handelen flytta hit frå Bakkasund.

MICHAEL OLRICH frå Holland tok borgarskap i Bergen i 1697, og den mektige Olrich-ætta «residerte» på Bakholmen fram til 1760-åra. Dei åtte mellom anna handelsstadene på Hiskjo i Bømlo (②04) og Kvalvåg, som den gong høyrde til Fitjar og Våg skipreide, og ein stor part i Austevoll-kyrkja. Lysekrona, som i dag heng i kyrkja på Storebø, var

i si tid ei gåve frå Maren Olrich.

Tingstova vitnar om at Bakholmen frå gammalt av har vore ein sentral stad i denne øykommunen. Då Austevoll vart eigen kommune i 1886,

## AKVAKULTUR – EIT KLONDYKE PÅ VESTKYSTEN

Det var ei ny framtid som opna seg for mange kystkommunar, då lakseoppdrett slo til som ei gullkanta næring kring 1970. På få år passerte denne nye næringsvegen dei samla inntektene frå havfiske. I Austevoll kom den første produksjonen i gang i 1977, og i 1980-åra var utviklinga eventyrlig. Årsproduksjonen auka frå 700 tonn i 1982 til over 6 000 tonn i toppåra 1988 og -89, og omsetningsverdien frå 20 til nær 200 mill. kroner i same tidsrommet. I 1991 var årsproduksjonen 5 800 tonn, i 2008 10 600.

I tillegg til dei mange årsverka på sjølve anlegga har Austevoll fått fleire hundre nye arbeidsplassar innanfor foredling, transport og produksjon av utstyr. I 1992 var det 25 konsesjonar for oppdrett av laks og aure. I 2009 er dette talet omlag det same, men i tillegg har det kome nye konsesjonar for torsk, kveite og andre marine artar. Tilsaman er det gjeve 43 konsesjonar i denne øykommunen mot Nordsjøen. Dette gjer Austevoll til den største oppdrettskommunen i landet. Men – «ingen tre veks inn i himmelen». Oppdrettsnæringa har ei alvorleg utfordring i dei økologiske langtidsverknadene. Som dei gamle fiskarane seier det i Austevoll: «Naturen er vår arbeidsgjevar. Det må me ikkje gløyma».

vart tingstova i Bakholmen fast møtestad for heradstyret og andre kommunale nemnder, og slik var det like fram til 1964. Her var det også bank og rutebåtsamband.

Etter 1964 har det ikkje vore aktivitet på Bakholmen, men bygningane på den gamle gjestgjevarstaden, handelsstaden og tingstaden er godt tekne vare på av ny eigar. □

CARTA MARINA er utarbeidd av den svenske presten OLAUS MAGNUS (1490-1557). Kartet var publisert i Venezia i 1539, og det er det første kartet som gjev eit nokolunde riktig bilete av heile Norden, medrekna Færøyanne, Island og Grønland (②424). «BAGGAHOLM» er eit av dei få namna frå dagens Hordaland som er teikna inn på Carta Marina. Bakholmen må såleis ha vore eit viktig punkt langs leia på den tida. Olaus Magnus, som hadde farta mykje kring i Norden på oppdrag frå m.a. den katolske kyrkja, reiste i 1524 til Italia saman med bror sin, Johannes, som var siste katolske erkebisp i Sverige. Olaus skal ha sagt at kartet vart laga for å syna kor mykje den katolske kyrkja var i ferd med å mista på grunn av det lutherske kjetteriet. Utsnittet er teke frå eit koparstikk av Carta Marina, laga av Antonio Lafreri og gjeve ut i Roma i 1572.

